



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 30 00

Alver kommune gnr. 188 bnr. 45, Klubbadalen 11. Formidlar purring, søknad om deling av grunneigedom

Vi viser til ovanfor nemnte sak med dykkar referanse 2021/4329, som gjeld søknad om deling.

Søkjar Nepstad har på nytt vendt seg hit, med spørsmål og ønskje om framdrift i saka. Samtalen varte om lag 10 minutt. Sidan dette ikkje er ei sak hjå Statsforvaltaren, vidareformidlar vi med dette førespurnaden, idet vi viser til brevet vårt 05.12.2022.

Innringar ventar seg framleis eit svar frå kommunen. Vi går som tidlegare ut frå at kommunen vil gje Nepstad eit førebels svar, om når tilbakemelding kan ventast. Vi viser til forvaltningslova § 11 og går ut frå at kommunen rettleier perten, så langt det er nødvendig for at Nepstad skal kunne ivareta interessene sine.

Vi vil elles på nytt oppmode kommunen om, viss de finn behov for det, å avklare eventuelle mistydingar om kva som er rette status i saka.

Statsforvaltaren har med dette vidareformidla innringar sitt spørsmål til kommunen som rette instans, jf. forvaltningslova § 11 siste avsnitt.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Oversending av purring - byggesak - Alver 188/45 Klubbadalen 11 - deling av grunneigedom



Kopi til:

Olai Nepstad

(ol-nepst@online.no)

Guttorm Jarls Vei 9

3221

SANDEFJORD